



Alver Dyreklinikk  
Ikenberget 12  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1423 - 15/8032

Saksbehandlar:  
Øystein Sørhaug  
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:  
09.04.2015

## Søknad om økonomisk tilskot - Alver Dyreklinikk

### Administrativt vedtak. Saknr:

August 2014 starta Alver Dyreklinikk (AD) opp veterinærklinikk på Alveflaten i Alversund. På opningsdagen var det over 100 personar innom klinikken, og sidan har responsen i marknaden vore positiv. AD har hatt dialog med kommunen ved fleire høve, i samband med mogleg støtte frå næringsfondet samt også ifb. oppsettjing av skilt.

AD består av veterinær og dyrepleiar, og gründerane har både vore tilsett og medeigar i større veterinærklinikk. Dei har solid erfaring frå bransjen.

AD har allereie skapt to nye arbeidsplassar, og kanskje vert det fleire på sikt. AD ynskjer å bli oppfatta som ein inkluderande bedrift, m.a. ynskjer dei å ta inn skuleelevar, praksiselevar og personar som ynskjer å kome attende i arbeidslivet. Vidare ser dei for seg å:

- Utvida laboratorietenestane
- Tilby ultralydundersøkingar
- Tilby kurs for hunde- og katteeigerar og skuleklassar
- Gratis kvalpetreff – der kvalpane kan sosialisere seg på klinikken, medan hundeeigarane kan få lære meir om stell og pleie
- Open dag-arrangement
- Heimebesøk

Det er store kostnadar for nye bedrifter i ein oppstartsfasen, og for å styrka laboratorietenestane ynskjer AD å investere i ein hematologimaskin (for blodanalyse). I mange tilfelle er det livsviktig å få raskt svar på blodprøvane, slik at ein raskt kjem i gong med riktig behandling. I dag må AD sende inn blodprøvane til eit laboratorium i Oslo, og svar kjem fyrst etter 1-3 dagar.

Rådmannen oppfatter at både den menneskelege og økonomiske gjennomføringsevna er oppfylt. Vidare er prosjektet også interessant for å leggja til rette for betre



markedsbetingelsar for AD. Marknadsmessig har alt AD fått ein god oppstart lokalt i Alversund, og det tyder på at det finst marknad for bedriften.

Når det gjeld konkurranseomsyn – det finst alt ein eksisterande dyreklinikk i Knarvik. Den vart etablert i 2010 og er allereie godt etablert i marknaden. Dette kan ein også lesa av offisielt tilgjengelige positive økonomiske nøkkeltal. Sjølv om verksemdene opererer i same marknad, vil Lindås kommune hevde at det bør vere plass til fleire aktørar i denne marknaden. For det fyrste satsar AD meir i ein lokal del av marknaden reint geografisk (Alversund), og ikkje i regionsenteret Knarvik. I tillegg er AD ein liten dyreklinikk, som vil satsa meir personlege og inkluderande tenester (eksempel nemnd ovanfor), og ikkje gå i konkurranse mot dei meir spesialiserte og store «dyresjukehusa». For det tredje er klinikkane forskjellige i volum og skala. For det fjerde er AD ein heilt ny dyreklinikk med tunge oppstartskostnader ift. bedriftsetablering, og må byggja opp bedriften heilt frå botn. Til slutt vil Lindås kommune også hevda at marknaden er i vekst og det finst ein aukande betalingsvilje hjå kundane. Lindås kommune er også ein veksande kommune, slik at her kontinuerleg kjem inn fleire betalingsvillige kunder, som gjer eit meir aukande marknadsgrunnlag. Fleire aktørar skjerpar også konkurransen og fører til meir innovasjon. Lindås kommune er opptatt av å leggje til rette for god og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling, og ynskjer spesielt velkommen nye bedriftsetableringar som fører til arbeidsplassar og verdiskaping. AD består no av 2 arbeidsplassar, og det kan bli fleire på sikt. Lindås kommune oppfattar også prosjektet som interessant for å tilby meir kundevenlege tenester i ein veksande marknad.

Lindås kommune sitt næringsfond har som føremål å styrka næringsliv og sysselsetting i kommunen. I strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim er også ein av strategiane «ein attraktiv bu- og opplevingsregion», og ein veterinærklinikk som tilbyr grunnleggjande tenester der folk bur og ferdast, må seiast å vere eit viktig bidrag i så måte.

### **Vedtak**

Lindås kommune er positiv til søknaden frå AD og vil gje følgjande støtte:

- Lindås kommune dekker innkjøp av hematologimaskin med inntil 50.000kr  
Tilskotet kan betalast ut på forskot, då ber me om å få tilsendt eit kontonummer. Lindås kommune ynskjer også ein enkel oversikt som viser kva pengane er brukt på, etter at prosjektet er ferdig.

Lindås kommune ynskjer lykke til!

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.*

Med helsing

Øystein Sørhaug  
næringssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Aud Høydal

Jorunn K Fosse

**Mottakarar:**

Alver Dyrelinikk

Ikenberget 12

5911

ALVERSUND